



INNKALLING TIL STYREMØTE

Stad:	Rådhuset i Askøy, formannskapssalen
Dato:	10. februar 2014
Tid:	11:00 – 13:00

SAKSLISTE

01/14	Referat frå møtet 02.12.13	Vedl 1
02/14	Fylkesmannen sin modell for tildeling av skjønsmidler til omstilling og fornying FMH har i skriv 22.11.13 vendt seg til Regionråda i fylket med informasjon kring ny prosess for tildeling av skjønsmidler til omstilling og fornying. Sekretariat har laga framlegg til sak som skal leggjast fram til politisk behandling i kommunane. Kva signal kjem frå den einsskilde kommune når det gjeld denne saka? Kva praksis skal styret i Regionrådet Vest ha for behandling av søknader?	Vedl 2
03/14	Orientering – frå kl 11:30 – 12:15 Nyhende frå NAV v/Anne Kverneland Bogsnes	
04/14	Tinget i Vest Det er sett opp Tinget i Vest 7. april. Styret må drøfte og komme med framlegg til kva innhald Tinget skal ha.	
05/14	Framlegg til Årsrapport 2013	Vedl 3
06/14	Ajourført liste over igangsette samarbeidsprosjekt	Vedl 4
07/14	Eventuelt	

REFERAT FRÅ STYREMØTE 2. DESEMBER 2013

Stad: Kommunehuset i Sund
Tid: 11:00 lunsj, møtestart 11:30

31/13	<p>Referat frå møtet 16.09.13</p> <p>Vedtak : Referat frå møtet 16.09.13 vart godkjent.</p>
32/13	<p>VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I REGIONRÅDET VEST</p> <p>Sund kommune har no hatt leiarskapet v/ordførar Trellevik i to år. Samstundes har Fjell kommune v/ordførar Eli Berland vore nestleiar. Dette er i samsvar med vedtektene som seier at leiarskapet skal gå på omgang med skifte kvar andre år. Det same gjeld ansvar for sekretariatsfunksjonen som dei siste to åra har vore Sund kommune sitt ansvar. I perioden før var det Øygarden som hadde leiarskapet, både politisk og kva gjeld sekretariatsfunksjonen. På sist møte i styret vart det signalisert at styret ynskjer leiarskapet lagt til Fjell kommune. Saka vert med dette lagt fram for styret for vedtak i saka.</p> <p>Vedtak : Eli Berland vart samrøystes vald til leiar av regionrådet for 2 år og Siv Høgtun vara for to år.</p> <p>Per Hillestad held fram som leiar av sekretariatet og får med seg Grete Bergsvik frå Fjell.</p>
33/13	<p>TEMA I NESTE TINGMØTE</p> <p>Det vert halde møte i Tinget i Vest to gonger i året. Haustmøte er nyleg over. Det er ofte slik at planlegginga av desse møte lyt førebuast i god tid. Det kan difor vera føremålstenleg å ta inn politiske signal på eit tidleg tidspunkt. Styret vert med dette invitert til å gje eventuelle politiske signal for Tingseta i på Vårtinget. Alternativt vert det fremja forslag gjennom Rådmannsmøte.</p> <p>Vedtak: På Vårtinget ser styret for seg tema knytt til næringsliv/næringsutvikling eventuelt Samhandlingsreforma. Statsråd eller annan leiar i departement eller Storting blir invitert.</p> <p>Stig Arne Thune og Siri Fahlvik Pettersen får i oppgåve å lage utkast til evaluering av møta i tinget.</p>
34/13	<p>POLITISKE VEDTAK STRANDSONE OG NÆRINGSAREAL.</p> <p>Alle dei fire kommunane har no vedteke å samarbeida om kartlegging av strandsona og ha eit regionalt felles planarbeid med kommunedelplan næringsareal.</p>

	<p>Fjell kommunestyre gjorde vedtak i saka i sitt møte 26. sept. d.å. I sitt vedtak pkt 5 hadde Fjell kommunestyre eit tillegg som lyder:</p> <p>« Fjell kommunestyre rår til at det vert oppnemnd ei politisk referansegruppe, samansett av 2 politikarar frå kvar av dei deltakande kommunane. Fortrinnsvis planpolitikarar.»</p> <p>Styret i Regionrådet Vest har som kjent drøfta denne saka tidlegare som grunnlag for dei vedtak som no ligg føre. Politisk representasjon i arbeidsprosessen har og vore eit tema. Då det no ligg føre ei konkret tilråding frå Fjell kommunestyre som gjeld oppnemning av politisk referansegruppe, vert dette lagt fram for styret for drøfting og vedtak.</p> <p>Vedtak: Det må lagast ny fellessak til kommunestyra i Øygarden, Sund og Askøy der ein viser til vedtaket frå Fjell og ber om at det blir gjort likelydande vedtak i desse kommunane. Samstundes må det veljast to politikarar frå kvar kommune</p>
35/13	Møteplan 2014 (sjå vedlegg)
36/13	<p>RUSOMSORG - PROSJEKT VEST</p> <p>Styret i Regionrådet Vest hadde ovannemnde sak til førehaving i sitt møte den 10. juni på bakgrunn av ein rapport frå prosjektet.</p> <p>Målsettinga for prosjektet er: «Rusomsorg – Prosjekt Vest skal utrede og komme med forslag til etablering av et behandlings- og oppfølgingstilbud i samarbeid med Helse Bergen, Blå Kors og kommunene i Region Vest, som gjør at flere rusmisbrukere skal bli rusfrie over tid, og som er økonomisk realiserbar for alle involverte parter.»</p> <p>Frå ovannemnde rapport gjekk det fram at omstenda gjorde det naturleg å vurdere ein « time – out» for prosjektet. Det sentrale spørsmålet var om det var mogeleg å leita fram ressursar til å driva prosjektet vidare. Rådmannsgruppa gjekk i sitt møte 27. mai inn for å finna løysingar som førte arbeidet vidare.</p> <p>Styret gjorde fylgjande vedtak i sitt møte 10. juni: «Styret ser det som føremålstenleg at det påbyrja arbeidet held fram forutan avbrekk, men ber om tilbakemelding om arbeidet i rusomsorga. Rådmannen v/kommunalsjef(ar)/fagsjef(ar) må oppsummera kva ein har av tilbod på området, klargjera rollefordeling mellom 1. og 2. linetenesta og synleggjera kva det er føremålstenleg å ha felles i regionen.»</p> <p>Attendemelding frå Prosjektet ligg no føre i form av møtereferat. Jfr. vedlegg Saka med attendemelding på førespurnad vert med dette lagt fram for styret.</p> <p>Vedtak: Dette er eit politisk satsingsområde både lokalt og nasjonalt. Før ein konkluderer på satsingsområde lokalt må ein vente på signala som no kjem frå staten. Det var semje om ikkje å opprette felles LAR senter.</p>
37/13	<p>MOGELEGHEITSSTUDIE - FRAMDRIFT</p> <p>Det vert vist til tidligare handsaming i styremøte i Regionrådet Vest omkring mogeleheitsstudie i Vest. Det vert og vist til egne vedtak i dei einskilde komunane og til søknad om finansiering. Som kjent for styret har Kommunal og Regionaldepartementet peika på at Askøy sitt vedtak i saka lyt gjerast av kommunestyret i tillegg til formannskapet. Kommunestyret i Askøy hadde saka om mogelegheitsstudie til førehaving i sitt møte 31. oktober d.å. Det vart då gjort fylgjande vedtak:</p> <p>«Siden Øygarden kommune ikke har gitt sin tilslutning til mulighetsstudie vedrørende ny</p>

	<p>kommunestruktur finner heller ikke Askøy kommune grunn til å delta i prosjektet. Askøy kommune er av den oppfatning at dette er et prosjekt som omfatter Sotra kommunene og ikke Askøy.»</p> <p>Saka vert med dette lagt fram for styret påny for drøfting og eventuelt vedtak.</p> <p>Vedtak: Saka vert lagt på is.</p>
38/13	<p>Meldingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Referat IKKUS • Felles Ansvar orientering og status v/ prosjektleiar Åsta Årøen • Oversyn over aktive prosjekt (oppdatert oversikt over prosjekt ligg ved)
39/13	<p>Ny prosess for tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying. Rapport frå Fylkesmannen med svarfrist 16.desember 2013. Fristen kan forlengast med ei veke.</p> <p>Vedtak: Sekretariatet lagar framlegg til sak som går til rask behandling i kommunestyra.</p>

FRAMLEGG TIL SAKSUTGREIING:

MODELL FOR TILDELING AV SKJØNSMIDLAR, FORNYING OG OMSTILLING.

BAKGRUNN

Fylkesmannen i Hordaland har i skriv dagsett 22.11.13 vendt seg til Regionråda i fylket med informasjon omkring ny prosess for tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying. I skrivet gjer han framlegg om to variantar, der regionråda får ei sentral rolle. Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Regionråda innan jul.

Saka var til behandling i Regionrådet sitt styremøte den 2. des. 2013. Der var det semje om å sende saka til dei einskilde kommunane for vedtak og uttale til Fylkesmannen i saka.

PROSESS

Fylkesmannen sette ned ei arbeidsgruppe til å vurdere og fremja forslag til ny prosess for tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying. Summen gitt til slike prosjekt har etter kvart vorte rimeleg stor – kr. 17,8 mill i 2013- fordelt til såkalla prosjektskjøn. Av dette fekk vår region 4,1 millionar, meir enn halvparten av desse midlane gjekk til samarbeidsprosjekt mellom to eller fleire kommunar

Arbeidsgruppa var sett saman av medlemmer frå kommunane, regionråda, Universitetet i Bergen og Fylkesmannen i Hordaland. Arbeidsgruppa sin rapport ligg ved saka.

MODELLAR FOR TILDELING

Den tildelingsprosessen som hittil har vore nytta med tildeling til einskildkommunar, meiner arbeidsgruppa har stor legitimitet og har fungert godt for kommunane i Hordland.

Ein ny prosess for tildeling bør difor representere andre omsyn som kjem i staden for eller i tillegg til noverande ordning. Kort sagt lyt endringa ha ein meirverdi, elles er det ikkje grunnlag for noko endring.

Arbeidsgruppa meiner ein prosess der regionråda spelar ei større rolle kan ha ein slik meirverdi. Fylkesmannen har i hovudsak skissert to variantar regionråda skal spele ei større rolle enn i dag

Variant 1: Regionråda som koordinator.

Regionråda sine sekretariat mottek søknader frå kommunane i regionen og koordinerer desse til tilråding/samordning i regionrådsmøte.

Søknadene vert så sendt Fylkesmannen til avgjerd.

Regionråda får ansvaret for rapportering innan gjeldande retningsliner.

Fylkesmannen sine oppgåver vil vere å vedta satsingsområde som går som invitasjon til regionråda og gjer vedtak om fordeling. Midlane vil bli utbetalt til den kommunen som står som formell søker, som no.

Variant 2: Regionråda som avgjerdsmynde.

Regionrådet vert tildelt ein del skjønsmidlar til innovasjon og fornying og tar standpunkt til kva prosjekt som skal få støtte.

Regionrådet mottar søknader frå kommunane, eller er sjølv initiativtakar med verknad for alle/fleire kommunar i rådet. Sekretariatet samordnar og legg saka fram for Regionrådet for avgjerd.

Regionrådet orienterer Fylkesmannen skriftleg om tildeling og peikar ut kva kommune som er formelt ansvarleg for det einskilde prosjekt. Regionråda tek så ansvar for rapportering.

Felles for begge variantar

For begge variantane vil ein del av skjønsmidlane framleis bli forvalta av fylkesmannen, mellom anna der det er behov for utjamning mellom regionane etter første vedtak.

Unntak: Vidareføring av eksisterande modell

Arbeidsgruppa peikar og på at det lyt vera høve for einskildkommunar å søkja Fylkesmannen direkte, også for kommunar som er medlem i eit regionråd, der rådet til dømes ikkje vil samla seg om ein søknad til eit bestemt prosjekt.

Fylkesmannen har i sitt skriv for tilrådd at ein legg til grunn ein modell der regionråda får ei koordinerande rolle. Han legg vidare til grunn at dette fordrar semje frå Regionråda.

Når no Regionrådet Vest ynskjer at dei einskilte kommunane skal avgjere korleis denne prosessen skal vere framover, blir lagt fram for kommunane legg sekretariatet i regionrådet fram følgjande framlegg til vedtak:

FRAMLEGG TIL VEDTAK

..... kommune sluttar seg til Fylkesmannen sitt framlegg til omlegging av tildelingsmodell for skjønsmidlar til omstilling og fornying der Regionråda får ei meir sentral rolle enn tidlegare.

..... kommune seier seg samd med Fylkesmannen i Hordaland at Regionråda si rolle ved omlegginga vert av koordinerande art i samband med søknadsprosessen. (Variant 1)

Regionrådet Vest 2013

Regionrådet Vest, som vart etablert i januar 2010, er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden som skal fremja samarbeid mellom kommunane og vidareutvikling av regionen. På heimesida www.regionradetvest.no vert det lagt ut informasjon om kva regionrådet arbeider med.

Styret i Regionrådet Vest er samansett av ordførarane i dei fire samarbeidskommunane. Frå venstre Otto



Harkestad (Øygarden), Siv Høgtun (Askøy), Eli Årdal Berland (Fjell) og Nils Kåre Skoge (Sund).

Organisering og leiarverv

Leiarvervet alternerer mellom ordføraren i dei fire kommunane og har ei lengde på to år. Fjell-ordførar Eli Årdal Berland overtok som styreleiar i desember. Ho fungerte som leiar frå oktober etter at Ove Trellevik (Sund) vart valt inn på Stortinget.

Sekretariatsfunksjonen er lagt til den kommunen som har styreleiarvervet. I 2013 har Per Hillestad i Askøy kommune vore sekretær i tillegg til at Anne Grete Hareide har hatt sekretariatsfunksjonen på vegner av Sund kommune. I 2013 overtok Gerhard Inge Storebø (Sund) som prosjektleiar etter Torgeir Sæther (Askøy).

I 2013 har det vore fire rådmannsmøte, fem styremøte og to samlingar i Tinget i Vest. Rådmennene i dei fire kommunane har tale- og møterett i styremøta.

Moglegheitsstudie for kommunestruktur

Regionrådet inviterte dei fire kommunane i regionen om å søkja om statleg støtte til eit moglegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur med fordelar og ulemper. Fylkesmannen har gjeve signal om støtte til prosjektet. Etter behandling i dei fire kommunestyra, konkluderte styret i regionrådet i desember med at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med moglegheitsstudiet og at det vert lagt på is.

Strandsone og næringsareal

Alle dei fire kommunane i regionen vedtok i 2013 å samarbeida om kartlegging av strandsone og gjennomføra felles planarbeid med kommunedelplan for næringsareal. Desse to saksområda er delprosjekt i hovudprosjektet «Plan og byggjesak». Det er føreslått å nemna opp ei politisk referansegruppe knytt til arbeidet med strandsone og næringsareal, og kommunane vil få førelagt ei sak om dette i 2014.

Samarbeid om IKT

Kommunestyra i region vest har gjeve tilslutnad til dokumentet «Strategi for regionalt IKT-samarbeid 2013-2016». Prioriterte strategiske satsingsområde er tenestesamarbeid, stordrift, synergi, digitalisering og ny teknologi. Det er oppretta eit felles IKT-råd (fagleg arbeidsgruppe) som skal arbeida for å skapa eit godt klima for IKT-samarbeid på tvers av kommunegrensene. Dette rådet har to representantar frå kvar av dei fire kommunane.

Betre saman for barna

Sidan 2011 har regionrådet koordinert prosjektet «Betre saman for barna». Regionrådet har føreslått å oppretta utvida samarbeid om felles barnevernsvakt og felleskontor for oppfølging av fosterheimplasserte barn i region vest. I 2013 vart det, etter vedtak i alle dei fire kommunane i region vest, innført ei felles vaktordning på kveldstid/nattid (bakvakt) på kvardagar (måndag-fredag). I 2013 vart ordninga finansiert gjennom øyremerkte styringsmidlar for barnvernet i statsbudsjettet. Som følgje av manglande etterspurnad av denne tenesta, vart ho avvikla ved årsskiftet 2013/2014. Prosjektet skal evaluerast.

Ny prosess for tildeling av skjønsmidlar

Regionråda vil heretter få ei sentral rolle når det gjeld fordeling av skjønsmidlar. Fylkesmannen legg opp til at regionråda skal ha ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen der regionrådet gjev tilråding og samordnar tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying. Fylkesmannen tek til slutt endeleg stilling til søknadene.

Tinget i Vest

Det har vore to møte i Tinget i Vest i 2013. Tinget i Vest er samansett av formannskapa i dei fire kommunane. På tingmøtet i april var kommunestruktur hovudtema, og Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes informerte om arbeidet med dette temaet i Nordhordland. Tinget drøfta også eventuelt moglegheitsstudie i region vest.

På Tinget i Vest i oktober var veg og samferdsle tema. Magnus Stangeland slo eit slag for ferjesamband mellom Ågotnes og Hanøytangen. Byråd Filip Rygg snakka om vegprosjekt i bergensregionen, medan prosjektleiar i Statens vegvesen, Magnus Natås, orienterte om Sotrasambandet. Ordførarane orienterte om ulike vegprosjekt i kommunane. Det skal gjennomførast ei QuestBack-undersøking av Tinget i Vest.

Andre prosjekt i regionen

Det er utarbeidd eit skisseprosjekt for lokalmedisinsk senter på Straume. Det vert arbeidd med å effektivisera arealbruken for å halda byggjekostnadene «i sjakk». Mogleg ferdigstilling av senteret er 2017/2018.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden arbeider med ei mogleg utviding av JordmorHeimprosjektet som er starta opp i Fjell. Det er aktuelt å etablere ein felles barselpoliklinikk på Straume som eit supplement til den lokale jordmortenesta.

Andre fellestiltak/prosjekt i regionen, som er under utarbeiding eller i drift, er Interkommunalt kultursamarbeid (IKKUS), Felles Ansvar, intermediaær avdeling, palliativ avdeling, rusomsorgsprosjekt på Askøy, interkommunalt bufellesskap for psykisk helsevern, frisklivs- og meistringssenter, KystROS (felles ROS-analyse for fem kommunar), finansieringsordning for barnehagar, felles tilsyn for barnehagar, plan- og byggjesak med ulike delprosjekt, felles bygningsvernkonsulent, felles landbrukskontor, strategisk næringsplan, internkontroll, øyeblikkeleg hjelp (ØH-senger).

I tillegg til arbeidet med forpliktande IKT-samarbeid, vert det arbeidd med fleire prosjekt knytt til IKT som PasientIKUS (Interkommunale Utviklingssamarbeid), eKommune, FeitIKUS (Felles elev-IT), BibliKUS (biblioteksystem).

Andre samarbeidsområde er felles forliksråd, felles kemnerkontor, samarbeidsutvalet for bergensregionen (helse), Trigger AS, krisesentertilbod og folkehelsekoordinator. I mange av prosjekta er alle fire kommunane med i samarbeidet, men i nokre prosjekt er det to eller tre kommunar som samarbeider.

Pågåande prosjekt og samarbeid			
Prosjektnamn	Prosjektansvar/ prosjektleder	Slutt	Status:
PasientIKUS	Fjell kommune Kjell Fyllingen	2013	Fekk 200.000 i skjønsmidler frå Fylkesmannen i 2012.
Strategi for regionalt IKT samarbeid		2013	Finansiert av skjønsmidler frå fylkesmannen. Strategi levert og politisk behandla. IKT råd oppnemnt des. 2013 leiar Marit Rinnan.
Barnevern: Betre saman for barna.	Askøy kommune v/ Torgeir Sæter		Prosjektet er under evaluering. <ul style="list-style-type: none"> • Utvida barnevernsvakt i regionen Oppfølging av fosterheimsplasserte barn, dette er sett på vent, må avklare finansiering. Skjønsmidler 2013: kr. 500.000
Plan og byggesak	Gerhard Inge Storebø		Skjønsmidler frå fylkesmannen 2013 til <u>Byggesak fellesportal</u> : kr 250.000
Strandsone og næringsareal	Gerhard Inge Storebø		Vedteke i alle kommunestyre. Skjønsmidler 2013 til <u>Strandsoneplan</u> : kr.200.000 og til <u>Næringsareal</u> : kr.300.000
Rusomsorg – Prosjekt Vest	Askøy kommune v/Torgeir Sæther		Tilrådd vidare arbeid. Følgje opp statlege signal når dei kjem
Interkommunalt bufellesskap psykisk helsevern	Øygarden kommune v/ Åse Vik		Kommunane i samarbeid med DPS. Skjønsmidler 2013: kr 300.000
Frisklivs- og meistringssenter (del av Betre saman, samhandlingsreforma i region vest)	Fjell vertskommune. v/Anita Røyneberg Alvheim	2015	Prosjektleder tilsett frå des.2012. Arbeidsgruppe med rep. frå alle kommunane. Samhandlingsmidlar 2012 kr. 350.000. Skjønsmidler 2013 kr.400.000.
KystRos	Fjell kommune		Interkommunal ROS analyse for 5 kommunar (Askøy, Austevoll, Sund Øygarden og Fjell) Skjønsmidler: 2012 kr.300.000
Interkommunalt samarbeid om kommunestruktur	Sekretariatet		Søknad om finansiering av Mølegheitsstudie. Søknaden lagt på is, vedtak i regionrådet 02.12.13
Komparative fortrinn			Prosjekter er "sett på vent"
JordmorHeim i Vest	Øygarden	2013	Sak til politisk handsaming i Øygarden og Sund. Skjønsmidler 2012 til <u>forprosjekt Jordmor Heim i Vest</u> : kr. 200.000 Skjønsmidler 2013: kr. 200.000.
Regional konsulent for bygningsvern	Fjell kommune		Prosjektleder er tilsett for 3 år. Finansiert av fylkesmannen/ fylkeskommunen
Felles ansvar	Åsta Årøen	31.12.13.	Finansiert av næringsliv og stiftelse/org. Arbeider med vidare finansiering av 6 prosjekt og vidareføring
Vidareføring - næringsplan	I samarbeid med Gode sirklar		Finansiert av kommunane Sluttdokument – framlegg til vidare næringsplan lagt fram i 2013.
Lokalmedisinsk senter	Fjell vertskommune		Styringsgruppe med rep frå alle fire kommunar og Helse Bergen. Samhandlingsmidlar 2012,

			funksjonsprogram: kr 500.000 Skjønsmidlar 2013, <u>driftsmodell</u> : kr.400.000.
Frisklivs- og meistringssenter (del av Betre saman, samhandlingsreforma i region vest)	Fjell vertskommune v/Anita Røyneberg Alvheim	2015	Prosjektlear tilsett frå des.2012. Arbeidsgruppe med rep. frå alle kommunane. Samhandlingsmidlar 2012 kr. 350.000. Skjønsmidlar 2013 kr.400.000.
Intermediær avdeling	Fjell vertskommune v/Terje Handal		Pilot (6 plassar) i drift frå februar 2010. Samhandlingsmidlar i 2010 og 2011. Avtale med Helse Bergen: Sjukehuset dekker 50% av driftsutgiftene.
Palliativ avdeling	Askøy vertskommune v/Anne Kjersti Drange		(4 plassar) starta opp i oktober 2012. Samhandlingsmidlar 2012: kr 500.000. Avtale med Helse Bergen, sjukehuset dekker kr. 800.000 i 2014.
Pilot ØH senger i samarbeid mellom Sund og Fjell	Fjell kommune Sotra Legevakt		Starta opp 1.halvår 2012. Skjønsmidlar 2012 : kr. 550.000. Felles driftsgruppe med Øygarden.